

FESTMØTE

HAUGESUND, FOLKETS HUS - LILLE SAL

FOREDRAG AV FINN SJUE,

REDAKTØR AV KLASSEKAMPEN:

KLASSEKAMPEN -

DAGSAVIS 1 APRIL 1977

SKUESPILL - ALLSANG

TILSPUNKT: TORSDAG 18/11 KL. 19.30

ENTRE: kr 5,-

Er du trøyt av Haugesunds Avis og VG? Sinna på aviser som rakkar ned på arbeidsfolk i kamp?men ikkje tør løfta veslefingeren mot storfolka? Synst du me treng ei dagsavis som står på arbeidsfolk si side, som skriv staten og pengefolka midt imot? Som uredd avslører supermaktene sine herjingar, anten det er Sovjet eller USA som er på ferde? Ei avis som er laga av og for arbeidsfolk?

Då skal du kryssa av 1.april i kalenderen: Den dagen blir Klassekampen dagsavis!

EI AVIS Å STOLA PÅ

Dette er avisa du treng! Berre sjå på Norzink-streiken! Haugesunds Avis: Stappfull av åtak på dei streikande, skreiv vās om lettlurte arbeidrarar som ikkje skjona sitt eige beste. Klassekampen: "...den avis som faktisk har gitt den fyldigste og mest redelige framstilling av hele streiken, og som har vært til stor hjelp i støttearbeidet rundt om i landet. Hovedfeilen ved Klassekampen var faktisk at den ikke kom ut hver dag." (Vedtak i streikekomiteen 18/10.)

På same måten er det med kvinnekampen, kampen for skikkeleg arbeidsmiljø, for fleire og betre dagheimar, kampen mot supermaktene. Klassekampen tek parti for arbeidsfolk, Haugesunds Avis og dei andre borgarlege avisene for kaksane.

DU TRENG KLASSEKAMPEN

Du treng han for å følgja med i kva som skjer i det norske samfunnet. Du treng Klassekampen for å få vita sanninga om Norzink, vita om dagheimsaksjonane rundt om i landet, om militærbasen Sovjet byggjer opp på Svalbard (som Klassekampen avslørte), om oppbyggjinga av det frie Vietnam.

KLASSEKAMPEN TRENG DEG

Ingen store finansfyrstar står bak. Aviser lever av lesarane. Derfor kan ho skriva sanninga utan onsvøp. Men derfor treng ho og brei støtte. Abonnentinntekter er det som skal til for å få Klassekampen ut 6 dagar i veka frå 1.april. Utan mange abonnentar inga dagsavis.

KJØP = LES - ABBONER PÅ KLASSEKAMPEN

DU TRENG KLASSEKAMPEN = KLASSEKAMPEN TRENG DEG